



Oppnemning av skyldskiftetemenn.

Til å halda skyldskifte over eigedomen Ystebø,

Juli 20 1974

G.nr.	Br.nr.	Skyld
99,	8,	1,38 i Radøy

eigar Eivind Ystebø, adr. 5127 Sletta,  
kjøpar: Nils Ystebø, adr. Slettestølen, 5086 Salhus,

vert desse oppnemnde:

1. Andreas Gjerde,

2. Olai Ystebø,

3. Elias J. Namtvedt,

og til varamenn:

1. Odd Mellingen,

2. Nils Gjerde,

**Radøy Lensmannskontor**

MANNSMANNSKONTOR DEN 12. NOV. 1974.

for lensmann:

For oppnemninga kr.



F. Fjellanger.  
I. Fjellanger.  
-betj.

Gjeldande føresegner om skyldskifte m.v. er å finna i lov nr. 2 fra 20. august 1909 med tilleggslov fra 14. juli 1916 (nr. 2), 16. juli 1936 og 18. mars 1955, jfr. lov nr. 2 fra 9. februar 1923 § 21.

Lovparagrafane 3 og 8 inneholder vedtekter om merking av og kjenneteikn for grensene. Det er foreskriven at desse opplysningane er så utførlege og nogenrake som tilhøva på staden tillet. Det må berre nyttast varige skiftemerke.

Mennene skal etter beste skjen skifta hovudbølet si skyld med heile øre på dei brukar som vert fråskilde ved skiften (§ 4 i lova). Kvart bruk skal setjast i minst 1 øre i skyld, men dersom noko bruk berre får 1 øre i skyld, kan mennene — om dei finn det rettast — fastsetja at det ikkje skal gjerast noko frådrag i skylda til hovudbølet for denne delen. Jfr. § 4 i lov fra 14. juli 1916 (nemnd ovenfor).

Etter § 5 i lova skal mennene sjå til at kvart bruk får så tenleg form som tilhøva gjev rom for både når det gjeld freding og bruk. Om det er naudsynt, bør mennene difor under skyldskiftet prøva å få partane til å gjera dei endringar som trengst med omsyn til form og grenser for brukar. Ny sameige må ikkje koma i stand. Mennene kan likevel gje samtykke til at brukar får ha utmarka heilt eller delvis som sameige, dersom dei finn at vidaregåande deling ikkje er tenleg. Dersom noko av den eigedom som vert delt er jordbruks med skog eller med fjellstrekning, må det med skiften følgja skriftleg fråsegur, som viser at det ikkje kjem i strid med reglane i lov nr. 11 av 20. august 1915. Denne lova set forbod mot å skilja sjølve bruket frå det naudsynte skog- og fjellområdet som høyrer bruket til.

Til rettleiing ved den skriftlege utforminga av skyldskiftet viser ein til § 8 i lov fra 20. august 1909, der rekjkjefølgja av punkta i skyldskiftet er nemnd. I skyldskiftet skal også nemnast namnet på det utsukilde bruket (§ 24 i lova). Ein namn som alt er i bruk som ættenamn, og som ikkje høyrer til dei meir vanlege, må ikkje i noko tilfelle nyttast.

Har nokon av mennene ikkje gjeve slik lovnad som er nemnd i § 20 i lov nr. 1 fra 1/6 1917, skal han skriva under ei utsegan med etternemnde ordlyd før tenesta tek til, og utsegna skal sendast til sorenkskrivaren saman med skyldskiftet: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding. den 19 N.N.»

Skyldskifteformannen, eller den av mennene som dei vel til det, skal snarast råd er senda eller levera inn det skriftlege skyldskiftet til sorenkskrivaren til tinglysing (§ 9 i lova). Tinglysinga kostar kr. 30,-.

Skyldskiftetemennene har rett på lovfest godtgerdsle for kvar dag eller del av dag som går med til å halda skyldskiftet.

Vet det halde fleire skyldskifte same dagen etter krav frå same personen, må han betala fullt vederlag for det fyrste skiftet, og kr. 5 for kvar av dei andre.

Kvart bruk som vert utsukt vert å rekna for eitt skyldskifte. Skyldskiftetemennene har rett på skyssgodtgjerdsle etter vanleg regulativ for reiser i samband med skyldskiftet, dersom dei har minst 3 km veglengd kvar veg. Den som har reist krav om skyldskiftet må også bera dette utlegget.